

Årsmøte Vågsøy Arbeidarlag 22.1.24

Desse møtte:

Helen Hjertaas

Leif Ramsevik

Inger Strand Kvalheim

Tove-Lill Refvik Volle

Doris Christensen

Eolv

Judith Refvik

Tor Åge Gravdal

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste.

Sak 2 Val av ordstyrar og referent og val av to til å signere protokoll.

Vedtak:

Helen Hjertaas blei vald til ordstyrar og Tor Åge Gravdal blei vald til referent.

Årsmøtet valde Leif Ramsevik og Inger Kvalheim til å signere årsmøteprotokollen.

Sak 3 Årsmelding

Leiaren las gjennom årsmeldinga. Det var spørsmål frå medlem om kva som blei skrevet om å legge ned Vågsøy Arbeidarlag i sist årsmøte. Vi kom tilbake til dette i sak 6. Elles ingen kommentarar til årsmøtet.

Vedtak:

Årsmeldinga godkjennast

Sak 4 Rekneskap 2023 og budsjett 2024 ved kasserar Ramsevik

Kasserer gjekk gjennom rekneskapen for 2023 og budsjett for 2024. Det var få vedlegg til rekneskapen. Vi fekk refundert beløp for gavetil 90-årsjubilant og kjøpte inn snacks til årsmøte. Beløp på konto per 31.12.23 var 635,51 kr. I budsjettet blei beløp på konto brukt til møter, og behaldning ført til kr 0 per 31.12.24.

Grunna få vedlegg er ikkje rekneskapen gått gjennom av revisor.

Vedtak:

Rekneskap og budsjett godteke

Sak 5 Tale ved gjest Reidar Sandal

Reidar Sandal haldt ei tale om verdssituasjonen og kva vi som sosialdemokratar skal gjere framover for å styrke økonomien til innbyggjarane i dyrtida. Spesielt var han bekymra for rentehevinga og rentepolitikken i Noreg.

Doris stilte spørsmål om det er lurt politisk å seie at det blir reallønnsvekst i 2024. Reidar var einig i at det er dristig. Utfordringa er at det er fleire som ikkje har fått reallønnsvekst på fleire år fordi dei lågt lønna har eit stort lønnsetterslep.

Sandal meinte at det er ein fordel at høgresida i SP er svekka. Dette kan gjere det lettare å samarbeide med SP framover.

Helene Hjertaas kommenterte at Arbeiderpartiet er blitt eit liberalistisk parti. Partiet bør ifølge henne vere meir aktiv med å styre marknaden for å hjelpe dei svakaste. Sandal var einige i dette. Det er eit paradoks at Arbeidarpartiet gjer det dårlig i ei tid med auka kostnadar – sidan krigen har AP gjort det godt i tider med dårlig økonomi.

Sak 6 Politiske uttalar

Kystvegen må byggast – straks

Sandal fortalte at det var styremøtet i selskapet bak Kystvegen sist torsdag. Selskapet har jobba for:

- 1) Bygge Svelgen–Indrehus
- 2) Kryssing av Nordfjorden i ytre frå nordsida til Tongane.

Det ser positivt ut for å få midlar til Svelgen–Indrehus i statsbudsjettet. Tove-Lill spurde om styret i Kystvegen har vurdert å prioritere bru først. Sandal svarte at dei har diskutert dette, men at det er viktigare å få til Svelgen –Indrehus først, sidan det kan vere lettare å få midlar til fjordkryssing seinare, og at prioritering av brukryssing kan setje heile vegen i spel. Sandal meiner at midlane til heving av Magnhildskar-tunellen bør brukast til Svelgen–Indrehus. Sandal vil diskutere dette med sentrale politikarar dei komande vekene.

Sandal har merka seg at Kinn ikkje løyvde midlar til kystvegen, men var takksam for at Kinn Ap stemte for løyving til kystvegselskapet.

Vågsøy Arbeiderlag sender vidare innspel om Kystvegen til årsmøtet i Kinn Arbeidarparti.

Sak 7 Innkomne saker

Det kom inn ein sak til årsmøtet frå styret som gjaldt nedlegging av Vågsøy Arbeidarlag.

Inger Strand Kvalheim las informasjon om framgangsmåte for nedlegging som kom frå partikontoret. Det må kallast inn til ekstraordinært årsmøte der det går klart fram frå sakene at ein går for nedlegging.

Doris Christensen fekk bekrefta at eit arbeidarlag kan leggast ned om saka har vore oppe på to påfølgande årsmøte. Ein treng då ikkje kalle inn til ekstraordinært årsmøte.

Dersom eit kommuneparti har ein lagsstruktur, må alle medlemmane vere medlem i eit lag. Årsmøtet ønsker likevel å lage eit skriv til medlemmane at dei blir overførte til Kinn Arbeidarparti, slik at vi ikkje risikerer å mistar medlemmar. Vi må sjekke om medlemmane formelt vil stå som medlem i Flora Arbeidarlag.

Vedtak:

Vågsøy Arbeidarlaget leggast ned frå 01.02.2024 og midlane og medlemmane overførast til Kinn Arbeidarparti.

Årsmelding:

Vågsøy AL hadde årsmøte 22. januar 2023 og eit styremøte 3. mars 2023. Utover dette har ikkje laget hatt nokon møter, men kommunisert via Messenger. Vågsøy AL har deltatt aktivt i valkampen både på stand og med utdeling av valkampmateriell i samband med valkampen. Vågsøy AL er representert med fire faste medlemmer i kommunestyret: Doris, Tove Lill, Stine og Tor Åge. Leiar har deltatt på Styremøta i Kinn AP. I tillegg er Inger S. Kvalheim, Doris Christensen og Leif Ramsevik medlemmer i styret i Kinn AP.

Utover dette har vi hatt liten aktivitet lokalt.

Vågsøy AL har per 31.12.23 31 medlemmar.

Innkomne saker:

Sak frå styret:

Styret i Vågsøy AL forslår å legge ned Vågsøy arbeidarlag frå 1. februar 2024 og heller bruke ressursane på å styrke arbeidet i Kinn Arbeidarparti.

Grunngjeving:

Det er lite aktivitet i laget, og dei som er engasjerte er også engasjert i kommunestyregruppa og i styret i Kinn arbeidarparti. Det er difor viktig å samle ressursane og aktiviteten i Kinn Arbeidarparti, slik at vi får til eit fellesskap som famnar heile kommunen.

Politiske uttalar

Kystvegen må byggast - straks

I lengre tid har det vore arbeidd målbevisst for å få bygt ein moderne veg frå Måløy via Svelgen til Florø. Det har vore svært sterkt tilslutning til prosjektet frå privatpersonar og næringsaktørar i området. Kommunar langs kysten, frå Sogn til Sunnmøre, har også gitt sterkt tilslutning til opplegget.

Dersom næringslivet i den nordre delen av Vestland fylke skal få utvikle seg og vere konkurransedyktig, må vegstandarden bli langt betre. I dag er vegen og ferjesambandet mellom dei nemnde sentra ein stor hemsko for transporten av varer og tenester. Reisetida blir unødig lang, og kostnadene dermed for høge. For eit dynamisk næringsliv er dette ein tilstand som ein ikkje lenger kan leve med. Eksisterande bedrifter og næringsaktørar som har store planar om å etablere seg i området, etterlyser vilje til å komme i gang med anleggsarbeidet.

Privatpersonar som trafikkerer den noverande vegen og ferjestrekninga Oldeide – Måløy understrekar sterkt dei same argumenta som næringslivsrepresentantar målber. Dessutan er standarden på den noverande vegen så låg at den mange stader er ein trussel mot trafikksikkerheita. Miljøomsyn tilseier også at vegen må bli moderne slik at den stettar dei krava som vegstyresmaktene elles legg til grunn.

Ein ny kystveg er avgjerande for å skape eitt bu- og arbeidsområde i den nordlege delen av fylket. Blir den bygd, legge ein grunnlag for at både næringslivet og offentleg sektor lettare kan skaffe seg kvalifisert arbeidskraft, noko som ein i mange tilfelle slit med i dag. Ulempene for dei reisande vil bli langt mindre med ein ny vegstandard.

Ein moderne kystveg vil binde saman kommunane på kysten av det nordlege Vestland fylke på ein heilt annan og betre måte enn i dag. Det vil medverke til at det blir langt meir attraktivt for dei som vurderer å slå seg til i området.

Kystvegen mellom Måløy og Florø er ein føresetnad for å få til vekst i regionen. Det er ei kjend erfaring at gode og trafikksikre samferdslelösingar er avgjerande for at ny verksemeld skal etablere seg. Ofte er det òg ein føresetnad for at eksisterande næringsliv skal satse og investere for framtida.

Det er derfor eit sterkt krav at styresmaktene, både fylkeskommunale og statlege, no endeleg viser vilje til å satse på kystområda og gi dei levelege rammevilkår. Å realisere kystvegen er absolutt nødvendig for utvikling og framgang for dei som bur i området, dei som kan tenke seg å slå seg til her, og næringsaktørar som skal satse for framtida.

Signering av årsmøteprotokoll:

Sted og dato: Måløy , 26/1 - 24

Inger S. Kvalheim

Inger S. Kvalheim

Leif Ramsevik

Leif Ramsevik

